

# Årsplan for Gaupne barnehage 24/25



## INFORMASJON

### Gaupne barnehage har 6 avdelingar:

**Rosa** (24 pl) Barn født 2022, 2023  
Tlf. 45 97 58 98

**Grøn** (24 pl) Barn født 2022, 2023  
Tlf. 45 97 59 61

**Oransje** (24 pl) Barn født 2020, 2021, 2022  
Tlf. 45 97 58 99

**Turkis** (18 pl) Barn født 2020, 2021, 2022  
Tlf. 45 97 59 63

**Gul** (20 pl) Barn født 2019  
Tlf. 45 97 59 60

**Blå** (24 pl) Barn født 2020, 2021, 2022  
Tlf. 98 90 83 87

Tlf. styrar Heidi-Karin Teigen Njøs 57 68 57 80/ 48 18 27 29

**Opningstid Gaupne barnehage:** kl. 07:15 – 16:15

Fint med beskjed så raskt som mogleg om barnet skal ha fri, kjem seinare eller er sjuk. Helst før kl.09. Bruk Visma Flyt barnehage-appen til å melde i frå. Ring gjerne viss det er viktige ting. Skal barnet ete frukost i barnehagen må ein komme før kl. 08:30. Samling, aktivitetar og turar startar ofte kl. 09:30.

**Ferie:** Barna skal ha 4 veker ferie i kalendaråret, der 3 av desse skal vere samanhengande. Frist for innmelding av sommarferie på Visma er 15. april 2025. I samband med skuleferiane så kjem det spørsmål i Visma Flyt appen om barnehagebarna skal ha noko fri. Dette er viktig for at barnehagen skal kunne planlegge dagane og setje inn nok personale.

## Planleggingsdagar

Dei 5 planleggingsdagane kan utgjere den 4. ferieveka til barnet:

- Fredag 1. november 2024
- Torsdag 2. januar 2025
- Fredag 2. mai 2025
- Onsdag 13. august 2025
- Torsdag 14. august 2025

## “Me vil, me kan”

Me ynskjer ein barnehage som er kjenneteikna ved at tilsette og born vil noko og blir verdsatt for det dei kan. Derifrå kjem visjonen vår “Me vil. Me kan”. Me vil få vener, me vil vera vener, oppleve magi, me vil undre oss, me vil ting i saman, me vil at barna skal få medverke. Me er, vil og kan masse her og no. Og når me VIL noko, så får me det til. Og dette ligg i botn for utvikling for både barn og vaksne.

Hjå oss opplever ein eit sunt, positivt, kreativt og utviklande miljø.

Dei tilsette skal:

- by på seg sjølve og sin kunnskap og kompetanse
- vera engasjerte og aktive vaksne, i organiserte og uorganiserte aktivitetar
- vera gode førebileter/vera positiv til satsingsområde vårt leik.
- skal vera positive, rause og leikne. Me skal dele på kunnskap og gjera kvarandre gode, både foreldre, barn og kollegaer.
- vera omsorgsfulle vaksne som skapar tryggleik for borna
- bruke varierte arbeidsmåtar for å engasjere borna
- vise respekt og vera inkluderande

## Om oss:

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Barnehagelova §1)*

Gaupne barnehage legg til rette for at born skal oppleve at dei vaksne bryr seg. Bryr seg om kor varm eller kald du er, kor mange fleire ord du kan sei no enn for tre månadar sidan, kva utfordringar du treng for å oppleve meistring i dei ulike fagområda, eller eit fang å sitje på for å bli møtt på kjenslene sine og oppleve psykisk og fysisk omsorg.

Gaupne barnehage legg til rette for at borna skal oppleve eit godt psykososialt miljø, noko som fremjar god psykisk helse.

Gaupne barnehage legg til rette for eit mangfaldig fellesskap. Me har fokus på aksept, likeverd og respekt.

Gaupne barnehage legg til rette for eit godt språkmiljø. Eit godt språk er nøkkelen til venskap og sosiale relasjonar.

***Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. (Rammepleanen s8)***

## Satsingsområder 2024/25

Leik

Gjennom leiken i Gaupne barnehage skal me skape eit psykisk helsefremjande leikemiljø, me skal drive med fysisk aktivitet (friluftsliv) og song.

**Leiken er viktig i Gaupne barnehage.** Me leikar inne, ute, på tur, i styrte leikegrupper, fri leik, utan vaksne og med vaksne. "Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling". (Rp, s. 20)

Som rammeplanen òg seier så skal "barnehagen vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling", og Gaupne barnehage ser at den beste arenaen for språk er i leiken.

Barna har rett til å få medverknad på dagen sin. Det jobbar me med i Gaupne barnehage. Det er viktig for oss at me grip fatt i det borna interesserar seg for.

Leik er òg ein av fleire komponentar som fremjar danning. "Barnehagen skal oppmuntre barna til å vera prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. (Rp, s. 21)

I Gaupne barnehage har me eit psykisk helsefremjande leikemiljø som seier «kom og leik», der borna kan setje i gang, styre og strukturere leiken sin sjølv.

Gaupne barnehage brukar friluftsliv som ein metode i arbeidet med å nå desse måla. Me ser at verdien av å vera ute er viktig i dagens samfunn.

Å gå tur saman med vener i barnehagen og vaksne, der ein kan undre seg over ting saman, bruke sansane sine i trafikken, lære noko nytt, oppleve aktive vaksne, finne ut av ting saman med ein vaksen og få fysiske utfordringar er kjekke og utviklande opplevingar. Desse opplevingane er òg viktig i eit helsefremjande perspektiv. Både psykisk og fysisk. Difor ynskjer me å jobbe på denne måten. Dette vil òg vera viktig i forhold til førebyggjande arbeid mot mobbing og krenking. (Viser til barnehagelova paragraf 41 og 42)

Å førebu ein tur med å pakke sekk, erfare kva kle ein treng til ei kvar tid, å planlegge kvar ein kan gå og kva ein må passe på både i trafikken og i naturen. Det å kome litt "sliten" heim er òg ein viktig del av friluftsliv. Samtidig får barna vera med og medvirke på eigen kvardag.

Me vil bruke songen på tur, i overgangssituasjonar og i kvardagen. Det vil vera fokus på både nye og gamle songar. Songen skapar samhald, glede og språkutvikling.

Tryggleikssirkelen (COS) er grunnmuren i arbeidet vårt med barn.

Rammeplan seier om berekraftig utvikling: Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdier, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.

Gjennom progresjonsplanen som er utarbeida av pedagoggruppa i barnehagen skal me sikre at alle barn har den progresjonen ein forventar.

### **COS- tryggleikssirkelen**

Tryggleikssirkelen er ei hjelp til å sjå barnet innenfrå og møte dei på kjenslene sine.

I Gaupne barnehage er det 5 pedagogar som er sertifiserte foreldrekurshaldarar i denne metoden. 3 tilsette har i tillegg kurs for COS i barnehagen.

### **Vurdering**

Det pedagogiske innhaldet blir jamnleg planlagt og evaluert i månadsbrev, periodeplanar, avdelingsmøter, pedagogmøter og personalmøter.

## **Samarbeid mellom heimen og barnehagen**

Rammeplanen seier: "Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål". Barnehagen er avhengig av eit tett samarbeid med foreldra og at me får raske tilbakemeldingar om det skulle vera noko. Foreldra og barnehagen har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. FAU (foreldrerådets arbeidsutval) er eit utval av foreldre frå alle avdelingar. Det er jamnlege FAU-møter og det er ein viktig samarbeidspartnar for barnehagen.

Barnehagen tilbyr to foreldresamtalar; ein om hausten (obligatorisk) og ein om våren (frivillig). Me tilbyr og tolk i samtalaner der det er behov for det. Foreldre kan be om fleire foreldresamtalar om ein ynskjer det.

## **Det pedagogiske arbeidet**

Barnehagen jobbar i periodar i bolkar på to veker. Foreldre får periodeplan for to veker med oversikt over kva mål ein jobbar mot i den perioden og kva aktivitetar ein legg opp til. Slik vil me evaluere og lage nye planar kontinuerleg.

Periodeplanane og månadsbrev er òg ein del av årsplanen. Her ser ein progresjonsdelen av arbeidet vårt, og kva område innan rammeplanen ein skal innom, og i månadsbrev blir dette evaluert.

Barnehagen samarbeider med helsestasjon, PPT og barnevernet. I løpet av barnehageåret har me 5 samarbeidsmøter (HSP-møter).

Dette barnehageåret er det Berit Skjerdal som er Gaupne barnehage sin helsesjuepleiar.

## **Overgangar**

Overgangar til barnehage, til ny avdeling og vidare til skulen kan vera overveldande for borna. Difor er det lagt vekt på at desse overgangane skal vera førebudde og gode. Me krev at foreldra set av minst 3-4 dagar for tilvenning ved oppstart i bhg for fyrste gong. Ped.leiar har ansvaret for at prosessen blir så god som mogeleg for barn og foreldre. I overgang til ny avdeling besøker barn og tilsett frå gamal avdeling ny avdeling før sommaren/jul. I prosessen overgang barnehage/skule:

- Gul (dei eldste borna) har nokre førskuledagar der dei besøker skulen. I tillegg til jamnleg samarbeid gjennom året.
- Foreldra har overgangssamtale med ped.leiar
- Ped.leiar og styrar har overgangsmøte med lærar og rektor.
- Me jobbar med "jag vet" prosjektet.
- Gul har bading i Lustrabadet.

## **Re-komp**

Gaupne barnehage søkte i 2023 om midlar hjå regional ordning for kompetanseutvikling. Formålet med søknaden var å auke kompetansen hjå ansatte i barnehagen i forhold til det pedagogiske arbeidet med fleispråklege barn samt foreldresamarbeid. Statsforvaltaren i Vestland har tildelt oss kroner 231 000 som kan brukast i prosjektperioden. Prosjektet startar opp i januar 2024. Me har laga prosedyre ved oppstart av flyktningar og minoritetsspråklege i Gaupne barnbehage og me har hatt mykje fokus på bruk av bileter i kvardagen for å få til ein betre kommunikasjon.

**Dei sju fagområda** står omtala i Rammeplanen, og skal sikre at barnehagane er innom alle fagområda i arbeidet sitt.

Me vil. Me kan. I Gaupne barnehage.

## ÅRSJUL

Mnd	Tema	Mål
Aug	Innkøyring	Tryggleik/tilvenning
Sept	Kule krabatar (2020) Uteliv  Jeg vet (Gul)  Brannvern  Helselaget  Foreldremøte	Bli trygge på kvarandre. Bruke naturen rundt oss  Auke kunnskap om kropp, kjensler, grenser, vennskap og inkludering  Lager gulrotvafler
Okt	Haust  Care4Starvingchildren	Ta vare på alle rundt oss
Nov	Juleførebuing	Starte juleførebuingane tidleg
Des	Advent/jul  Luciatog (Gul)  Nissefest  Julefest (FAU)	Ta vare på juletradisjonen i Norge
Jan	Vinter Innkøyring på evt nye barn Hjartesamling (2020)	Trygge barn Metode for å gje barn språk og verktøy til å fortelje om det som er vanskeleg
Feb	Samefolkets dag Aktivitetsdag	Ta vare på den samiske kulturen Felleskap
Mars	Barnehagedagen	Vise fram barnehagen, vera synlege i nærmiljøet  Setje pris på ulikheiter

	Downs syndrom dagen	
April	Påske Vårsongar	Ta vare på norske påsketradisjonar
Mai	3.mai - barnekraft Friluftsliv 17.mai Uteveker  Førskuledagar (Gul)	Fotballtrøyedagen  Me opplev turglede fleire gonger i veka
Juni	Uteveker Vite meir og avslutningstur for dei eldste (Gul)	Avslutning på bhg-året
Juli	Sommarfest (FAU) Sommarferieavvikling	